



## Barn sin rett til å bli høyrd

### Sjekkliste for gjennomføring av samtaler med barn

Alle barn, uavhengig av alder, språk og funksjonsnivå, har rett til å bli høyrd i saker som gjeld dei. Barn skal som regel høyrast fyrst eller tidleg i sakshandsaminga. Samtale med barn skal vera prega av openheit, vera barnevenlege, basert på respekt og vera informative.

#### Kvar skal vi høyre barn?

- Barn skal høyrast i trygge og skjerma omgjevnader.
- Det skal settast av nok tid til å høyre barnet.
- Ut i frå tema, tid og alder skal det vurderast om barn skal høyrast aleine eller saman med føresette.

#### Korleis skal vi høyre barn?

- Barn skal bli opplyst om kven som for vite det dei fortel.
- Barn skal bli opplyst om kva saka gjeld i samsvar med deira alder og utvikling.
- Barn har rett, men ikkje plikt til å uttale seg.
- Barn skal bli opplyst om kva som blir utfallet av saka.
- Barn skal få uttale seg fritt. Det skal ikkje leggjast føringar eller stillast leiande spørsmål.

#### Kven skal høyre barn?

- Barn skal i utgangspunktet høyrast av nokon dei har ein relasjon til og kjenner seg trygge på.
- I særleg sensitive saker bør barn høyrast av noko som har spesiell kompetanse eller erfaring med å høyre barn.

#### Kva for vekt skal vi legge til barn sine synspunkt?

- Barn sine synspunkt skal vektas i samsvar med alder og utviklingsnivå.
- Barn sine synspunkt skal alltid telje.
- Styrken i barnet sine ynskjer/uttaler skal takast omsyn til.

